Sølvberget

www.stavanger-kulturhus.no

# Ti tips for betre nynorsk

**Marita Aksnes**

**Eksamensarrangement på Sølvberget,**

**23. mai 2016**

# Eksempel på eksamenssvar

Kanskje er det ho vi ser på biletet på same side. Kanskje er det ei anna. Det finst jo så mange. Uansett: det er eit samspel mellom biletet og teksten. Biletet støttar opp om teksten, og gir oss eit konkret bilete på korleis ei av desse jentene kan sjå ut. Og også biletet vekkjer noko i oss. Noko ukjent og gjerne litt ubehageleg. Det er brudekjolen vi kjenner så godt til, det kvite sløret og det fint pynta håret. Men det er noko som skurrar. Mellom forventningane våre, som kulturfilteret og erfaringane legg føringar for, og det vi faktisk ser. For jenta smiler jo ikkje, der ho står og ser rett på oss. Ho ser at vi ser henne. Hei, sjå på meg.

# 1
# LES NYNORSK I 30 MINUTT KVAR DAG DEN NESTE VEKA






# 2
# SKRIV PÅ NYNORSK

## Det blir ikkje betre nynorsk viss du...

...legg til bokstavar som **i** eller **a** der du føler dei passar inn fordi du føler det blir meir nynorsk.

# Vi prøver

| | |
|---|---|
| ~~kvisleis~~ | korleis |
| ~~kvaleis~~ | kva for ein |
| ~~meist~~ | mest |
| ~~fleist~~ | flest |
| ~~denna~~ | denne |
| ~~detta~~ | dette |
| ~~hu~~ | ho |
| ~~kvem~~ | kven |

# 3
# BRUK ORDBOKA

Nynorskordboka

| Oppslagsord | Ordbokartikkel |
|---|---|
| forfattar | **forfattar** m1 (etter ty.; av *forfatte*)<br>**1** opphavsmann til noko som er skrive<br>*forfattaren av brevet, artikkelen, boka*<br>**2** (prosa)diktar<br>*han er ein kjend forfattar* |

Bøying i samsvar med 2012-rettskrivinga:

| forfattar | Eintal | | Fleirtal | |
|---|---|---|---|---|
| | Ubunden form | Bunden form | Ubunden form | Bunden form |
| m1 | ein forfattar | forfattaren | forfattarar | forfattarane |

# Vel riktig ord – sjekk med ordboka

| Oppslagsord | Ordbokartikkel |
|---|---|
| buskap | **buskap** m1 (av *II bu* og *I -skap*) samling av husdyr på ein gard, særleg om storfe; bøling<br>*gjete buskapen* |

| Oppslagsord | Ordbokartikkel |
|---|---|
| bodskap | **bodskap** m1, n1 (norr. *boðskapr*; sjå *I -skap*)<br>**1** bod, tidend, melding<br>**den glade bodskapen** (jule)evangeliet<br>**2** i språkvitskap: det som blir gjort kjent når ein ytrar seg |

# 4
# VEL RIKTIG ORDKLASSE

**e-verb:**
å tenke – tenker – tenkte – har tenkt

**substantiv:**
ein tenkar = ein person som tenker, ein filosof

*Ein **tenkar** som **tenker**.*



# 10 ordklasser

| | |
|---|---|
| Substantiv (s.) | elev (m), jente (f), hus (n) |
| Verb (v.) | gå, vere, skrive, lese |
| Adjektiv (a.) | sint, glad, raud, gul |
| Pronomen (pron.) | eg, du, han, ho |
| Determinativ (det.) | min, vår, denne, ingen, alle |
| Adverb (adv.) | gjerne, veldig, ikkje |
| Preposisjon (prep.) | i, på, over, under |
| Konjunksjon (konj.) | og, men, eller, for, så |
| Subjunksjon (sub.) | at, om, viss, derfor |
| Interjeksjon (interj.) | hurra, ja, nei |

# 5
# PUGG PRONOMEN

# Personleg pronomen

| Eintal | Subjektsform | Objektsform |
|---|---|---|
| 1. person | eg | meg |
| 2. person | du | deg |
| 3. person | han<br>ho<br>det | han<br>henne/ho<br>det |

NB! Hugs at ***den*** ikkje er pronomen i nynorsk:

*Eg har kjøpt **ny bil**. **Han** er blå.*

| Fleirtal | Subjektsform | Objektsform |
|---|---|---|
| 1. person | vi/me | oss |
| 2. person | de/dokker | dykk/dokker |
| 3. person | dei | dei |

BM: ***Dere*** *må lære* ***dere*** *pronomen!*
NN: ***De*** *må lære* ***dykk*** *pronomen!*
NN: ***Dokker*** *må lære* ***dokker*** *pronomen!*

Vanskeleg? Test med 1. person eintal:
***Eg*** *må lære* ***meg*** *pronomen.*

# Ubunden pronomen - ein

- Hugs at det heiter **ein**, ikkje **man**.
  ***Ein*** *kan meine at dette er viktig.*
  *Det* ***ein*** *kan tolke ut frå dette,*
  *er at novella handlar om kjærleik.*



# 6
# LÆR SUBSTANTIVBØYING

| | **Eintal Ubunden form** | **Eintal Bunden form** | **Fleirtal Ubunden form (mange)** | **Fleirtal Bunden form (alle)** |
|---|---|---|---|---|
| Hankjønn | ein gut<br>ein roman<br>**NB!** ein politik**ar**<br>**NB!** ein son | guten<br>romanen<br>politikar**en**<br>sonen | gutar<br>romanar<br>politik**arar**<br>søn**er** | gutane<br>romanane<br>politik**arane**<br>søn**ene** |
| Hokjønn | ei jente<br>ei novelle<br>**NB!** ei setning | jenta<br>novella<br>setninga | jenter<br>noveller<br>setning**ar** | jentene<br>novellene<br>setning**ane** |
| Inkjekjønn | eit eple<br>eit verkemiddel<br>eit menneske | eplet<br>verkemiddelet<br>mennesket | eple<br>verkemiddel<br>menneske | epla<br>verkemidla<br>menneska |

# 7
# LÆR VERBBØYING

I **infinitiv** kan du bruke endinga -a eller -e:

- å les**e**
- å les**a**

Vel éi form og ver konsekvent i ein og same tekst!

Ikkje bland saman endinga du vel i infinitiv, med det neste punktet: e-verb og a-verb.

# Svake verb

**a-verb:** å kalle – kall**ar** – kall**a** – har kall**a**

**e-verb:** å meine – mein**er** – mein**te** – har mein**t**

**a-verb og e-verb:**

å bruke – bruker – brukte – har brukt

å bruke – brukar – bruka – har bruka

# Pass på at du bruker riktig verb

**a-verb:**

å føle – føl**ar** – føl**a** – har føl**a**

*Merra har **føla**.*

**e-verb:**

å føle – føl**er** – føl**te** – har føl**t**

*Eg **føler** at dette er riktig.*

| Oppslagsord | Ordbokartikkel |
|---|---|
| føla<br>føle | I **føle** v1 få føl; fole, fylje (I)<br>*merra har føla* |
| føla<br>føle | II **føle** v2 (frå l.ty.)<br><br>**1** granske ved å ta på; kjenne (II,4)<br>*føle med fingrane på tyet / føle ein på pulsen, tennene* ; sjå *puls* og , *tann* / *til å ta og føle på* heilt tydeleg, konkret |



# Sterke verb

- Mange endrar **vokal**
- **Ikkje ending** i presens og preteritum

| INFINITIV | PRESENS | PRETERITUM | PRESENS PERFEKTUM |
|---|---|---|---|
| å vere | er | var | har vore |
| å skrive | skriv | skreiv | har skrive |
| å lese | les | las | har lese |
| å bli | blir | blei | har blitt |
| å verte | vert | vart | har vorte |

# st-verb

- **Verb som sluttar på -st i infinitiv:**

  å finnast – finst – fanst – har funnest

  å synast – synest – syntest – har synst

- **Ofte har ein bruk for presens- eller preteritumsforma av -st-verb:**

  *Eg **synest** is er godt, men det **finst** dei som ikkje liker is.*

# 8
# TYPISK NYNORSK

# Aktive setningar gir betre språk

- **Aktiv:** *Eg leverte boka. Eg skal levere boka.*
- **Passiv**: *Boka blir levert i morgon.*

**Passiv**

Hjelpeverbet **bli/verte:**

Boka **blir levert** i morgon.

Gi verbstammen endinga -**ast** etter dei modale hjelpeverba:

Boka **må leverast** i dag.

Ikkje bland st-verb med passiv på -ast:

*Han **synest** at huset kan **seljast** i morgon.*

**å synast – synest – syntest – har synst**

**å selje – sel – selde – har selt**

# Etterstilt eigedomspronomen

***Mor mi*** *har bedt meg om å vaske opp.*

*I* ***analysen min*** *har eg fokusert på tre moment.*

*I* ***oppgåva mi*** *vil eg sjå nærmare på novella «Karen» av Alexander Kielland.*

# Dobbel bestemming

**Bunden artikkel + bunden form av substantivet:**

*Nasjonaldagen er viktig for* ***det*** *norske* ***folket****.*

***Den*** *norske* ***regjeringa*** *drog frå hovudstaden då andre verdskrig braut ut.*

# Genitiv

**Genitiv-s kun ved særnamn og tid:**

*Noregs land, Ibsens skodespel, ei vekes tid*

Skriv om med **preposisjon** eller **pronomen**:

| | | |
|---|---|---|
| ~~*fars bil*~~ | → | *bilen* ***til*** *far/far* ***sin*** *bil* |
| ~~*novellens tema*~~ | → | *temaet* ***i*** *novella* |
| ~~*forfatterens språk*~~ | → | *forfattaren* ***sitt*** *språk* |
| | | *språket* ***til*** *forfattaren* |

**Oppgåve:** Bruk preposisjonane **til**, **frå**, **på**, **ved** eller **i** for å gjere setningane korrekte.

| | |
|---|---|
| Landets innbyggarar. | Innbyggarane .... landet var lykkelege. |
| Skulens tilsette. | Dei tilsette ... skulen streika. |
| Kommunens svar. | Svaret ... kommunen var nei. |
| Statsministerens tale. | Talen ... statsministeren var god. |
| Husets tak. | Taket ... huset var nytt. |
| Årets russ. | Russen ... år har vore greie. |

# Unngå substantivsjuke – bruk verb

For mange menneske er det knytta store vanskelegheitar til **ei gjennomføring** av dette.

For mange menneske vil det vere vanskeleg **å gjennomføre** dette.

Kan du gje meg **ei forklaring** på dette?

Kan du **forklare** dette for meg?

Sensor skal gjere **vurderingar** av mange oppgåver.

Sensor skal **vurdere** mange oppgåver.

# 9
# VEL NYNORSKE ORD

Ord som byrjar med **an**-, **be**, **hen-** og sluttar på -**het** og -**else** er mindre vanleg i nynorsk.

| **BM:** | **NN:** |
|---|---|
| ***an****tall* | *talet på* |
| ***be****grep* | *omgrep* |
| *gjentak****else*** | *gjentaking* |
| *opplev****else*** | *oppleving* |
| *virkelig****het*** | *verkelegheit* |

# 10
# VALFRIDOM + VER KONSEKVENT

Du kan velje ei form av ordet som ligg nært talemålet ditt, men ver konsekvent og hald deg til éi form.

| | |
|---|---|
| *vi* | *me* |
| *da* | *då* |
| *nå* | *no* |
| *skole* | *skule* |
| *først* | *fyrst* |
| *for eksempel* | *til dømes* |

# Kjelder

Fridtun, Kristin (2013): *Nynorsk for dumskallar*, Samlaget

Intertekst, grammatikk:
https://intertekst.portfolio.no/read_container/312add11-8003-4b93-9f15-723422861b76?n=5

Språkrådet.no: «Minigrammatikk»
http://elevrom.sprakradet.no/skolen/minigrammatikk

Tolo, Vilde Amalie (2016): «Eit unisont bryllaupsrop» hentet fra
http://framtida.no/articles/eit-unisont-bryllaupsrop#.V0LQeTWLRaR